


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



Vigsel i det grønne (Foto: Privat)



ÅRGANG 76

NR. 02 AUGUST 2023

Framleís god sommar!

«Der du går, vil eg gå, og der du bur, vil eg bu.
Ditt folk er mitt folk, og din Gud er min Gud.
Der du døyr, vil eg døy, og der vil eg bli gravlagd».

Ruts Bok, kap.1, vers 16-17 (fra Vigselsliturgi 2017)



ORD TIL ETTERTANKE

*No stig vår song, vår takk til Gud
for denne gode verd, for havets salt,
for regn og sol
og himlens stjernehær.
Vi takkar deg for storm og frost,
og snø som fell så stilt mot jord.
Vi takkar for den mørke natt,
og vårens tid, for alt som gror.*

*No stig vår song, vår takk til Gud,
for nådens korte tid.
Da skapte du vår vakne sjel som lid når
andre lid.
Ditt tålmod lindrar gamle sår,
men dagleg blir din skapning krenkt.
La rettferd fylle tusen år!
Trøyst våre barn, møt deira lengt!*

*No stig vår song, vår takk til Gud for denne
heim, vår jord,
med barnesmil og voggesong og heite kjær-
leiksord!
Vi takkar for kvar nyfødt dag,
da våre sansar opnar seg,
for tankens glans, for hjarteslag
og alle under på vår veg.*

*No stig vår song, vår takk til Gud for han
som er vår fred.
Når Kristus sprenger dødens rom fell siste
stengsel ned.
Da stig vår song, vår takk til Gud for spor
på strand, for bølgers slag:
Kom natt, kom søvn, kom morgongry, kom
evig sommars lyse dag.*

*No stig vår song, vår takk til Gud er ei
salme som eg har eit nært og godt forhold
til. Eg ble kjent med den salmen då eg
gjeikk i Slottskapellet på gudsteneste som
studentprestane i Oslo hadde. Salmen vart
brukt på nesten kvar einaste gudsteneste*

der. Studentprestane hadde gudsteneste i Slottskapellet heilt fram til summaren 2019. Dei hadde gudsteneste i slottskapellet i over hundre år. Kong Haakon VII tilbødde studentane å ha gudsteneste der, sidan dei ikkje hadde noko plass å vera. Eg som brukar synes det var rart den dagen det ikkje var gudsteneste der lenger. Denne salmen song vi då vi gifta oss 11. august 2018 i Tveit kyrkje i Kristiansand.

Teksten er skriva av Edvard Hoem og melodien av Håkon Berge i forbindelse kongeparets 70-årsdagar i 2007. Den har vore flittig brukt rundt omkring i heile landet. Det som eg liker best med salmeversa, er nærleiken mellom Gud og menneskje. Det er ord, som mange av oss kjenner att av det å vera menneske. Kjensler som me menneskje kjenner att, ord som er store, som bli forklart med enkle ord.

Alle versa er med og gjev meg kraft kvar einaste dag. Første verset handlar om årstidene. Dei to neste versa inneheld ord, som er menneskelege. At menneske daglege bli krenkt, men at Gud er tolmodig. At heile livet vårt kan oppsummerast med orda *med barnesmil og voggesong og heite kjærleiksord!* Og det siste verset handlar om at Kristus sprenger dødens rom. *Kom natt, kom søvn, kom morgongry, kom evig sommars lyse dag.*

Eg takkar Gud kvar einaste dag for alle som står meg nær. At eg kvar dag kan stå opp og sjå alt det skapte rundt meg, då kan eg rette min takk til ein Gud som ser meg. Har du noko å takka for?

Rasmus Rustad

Krølletreff for 3-åringar



Krølletreff Vik



Krølletreff Fresvik

Dei som fyller 3 år i år var inviterte til samling i kyrkja. I Fresvik kyrkje hadde vi samling tysdag 30. mai og i Vik kyrkje (for Vik, Vangsnes og Feios) dagen etter.

Det vart koselege stunder med dramatisering av sauene som vart funnen att. Dei fekk med seg eige kosedyr-lam og boka «Lille sau går seg vill» heim. Bileta syner 3-åringane som fekk kosedyr og bok.

Barnedåp i det grønne



Gudsteneste med dåp - Fridtjovsparken på Vangsnes

Gjennomføring av kyrkjevalet 2023 i sokna i Vik

Kyrkjevalet finn stad 11. september 2023. Val av leke medlemmer av bispedømeråd og Kyrkjemøtet finn stad samtidig med val av nye sokneråd i alle sokna i Vik kommune: Arnafjord, Vik, Vangsnes, Feios og Fresvik. Røysting til kyrkjevalet er samkøyrte med kommunevalet og vil difor vere i same bygg og til same tid i alle sokn som val til kommunestyret.

Det er mogeleg å førehandsrøyste fysisk i perioden 10. august til 8. september. Røystinga kan skje på Vik kyrkjekontor (kommunehuset) måndag, tysdag og onsdag i denne perioden, mellom klokka 10 og 12. I tillegg tilbyr me fysisk førehandsrøysting torsdag 31. august kl. 15-20. Det vil

også verta høve til å førehandsstemme ved Vik Bygde- og sjukeheim etter nærare avtale.

Digital førehandsrøysting opnar også 10. august og varer til 6. september.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, korleis endringane påverkar valresultatet og anna nyttig informasjon kan du finne på www.kyrkjevalet.no.

Ved spørsmål om ein står i mantal i rett sokn: ta kontakt med kyrkjekontoret.

De nominerte til Soknerådval i Vik kommune 2023:

Feios

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Frida Berdal	1991
2	Svein Harbakk	1970
3	Solrun Skogheim	1994
4	Gunnar Grindedal	1972
5	Julie Kristin Ness	1983
6	Odd Helge Tveit	1980
7	Monika Harbakk	1995
8	Arnstein Feidje Linde	1960
9	Trine Østvik	1985
10	Ann Iren Borlaug	1986
11	Leif Bjarne Bjørnstad	1970
12	Terje Høyum	1974

Fresvik

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Kirsten Johanne Bøtun	1955
2	Nann Ingunn Simlenes	1958
3	Marte Lien Bardølsgård	1989
4	Rolf-Arne Olsen	1947
5	Gyda Bøtun	1959
6	Ragnvald Grov Sørdal	1968
7	Lars-Ove Lindborg Hov	1986
8	Marianne Bøthun	1969

Vangsnes

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Brita Sissel Turvoll	1956
2	Tommy Halset	1976
3	Haldis Kløve Dregelid	1959
4	Marianne Lunde	1970
5	Marit Lovise Hanekam	1969
6	Asbjørn Lidal	1967

Arnafjord

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Endre Nese	1975
2	Kari Johanna Bruland Dale	1958
3	Marit Iren Lunde	1961
4	Rune Lee	1959
5	Pia Cathrine Hagen	1977
6	Sigve Rinde Heggenes	2005
7	Olav Dale	1953

Vik

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Reidunn Bolstad	1974
2	Grete Mogensen Grønningsæter	1951
3	Ine Marie Aase	1984
4	Gunvor Refsdal	1975
5	Marta Barbara Liljedahl	1956
6	Oddvar Endreson Tryti	1947
7	Silje Grønningsæter	1976
8	Turid Kristine Brekke	1974
9	Ellbjørg Vikøren Tenold	1958
10	Anne Sissel Hove	1963
11	Marit Mørck	1979
12	Kristin Jordalen	1993
13	Astrid Drægne	1951

Konfirmantjubileum

Det har vore tradisjon med 50 årskonfirmant-jubileum for Vik, Vangsnes og Arnafjord. På grunn av restriksjonar under Korona-pandemien vart det ikkje arrangert jubileum i 2020 og 2021.

Men i vår fekk konfirmentkulla frå 1970 og 1971 invitasjon til å møtast. Det var god oppslutning. Vi byrja med festmiddag på Blix hotell laurdag 22. april. Gygrene kom også i år innom med eit populært innslag. Tusen takk!

Søndag 23.april var det gudsteneste i Vik kyrkje, der jubilarane vart presenterte. Etter gudstenesta var det ein flott kyrjekaffi som soknerådet hadde stelt i stand. Takk til alle som bakte kake, dekte, serverte og ikkje minst rydda/vaska opp!

Nedanfor ser de bilete av dei som kunne møte på gudstenesta søndag 23. april. Dessverre tok vi ikkje gruppebilete laurdagen, så alle frammøtte jubilarar fekk vi dessverre ikkje med. Takk til alle som kom og lukke til vidare!



Jubilarar frå 1970-kullet

Framme frå v.: Wenche Hove, Gunn Torhild Tveit, Gro Skeie, Liv Myrkaskog, Maria Gerd Borlaug f. Orvedal, Anne Torunn Alme f. Hove, Inghild Halset.

2. rekke frå v.: Georg Settevik, Geir Årestrup, Ove Tryti, Jon Harald Tenold, Arvid Refsdal, Lars Brekke, Johan Midlang.

3. rekke frå v.: Hjalmar Tenold, Jacob Hornnes, Stein Arne Kleven, Arnfinn Hagen, Brynjulf Utmo
Bakerst frå v.: Bjørn Salbu, Eivind Voll, Ragnvald Halset, Arild Thingvoll, Olav Turvoll

Jubilarar frå 1971-kullet

Framme frå venstre: Rannveig Hove, Marta Nødtvedt Berge, Kirsten Olaus Orvedal, Solfrid Hove Østebrod, Gunnvor Geithus Svoren, Bente Otterskred f. Fosse, Magnhild Sofie Holen Strandos, Tove Iren Risløw.

Damer bak frå v.: Inger Else Brekke, Annlaug Tenold, Annbjørg Sagerøy Bidne, Inger Balvoll, Ingeborg Seim, Anne Lise Liljedahl Tveit, Haldis Hove, Marta Liljedahl.

Bakerst frå v.: Terje Bø, Magne Harald Sandvoll, Edwin Rolf Tistel, Ansgar Salbu, Knut Magne Dale.



Gullkonfirmentar i år er inviterte til helga 23. og 24. sept.

Tekst & foto : KJH

Fasteaksjonen 2023



Kvart år er konfirman-
tane med på Kirkens
Nødhjelps Fasteak-
sjon. 24.-26. mars
hadde konfirmantane
denne i fokus, og vi
hadde fasteaksjonshelg
med aktivitet fredag,
laurdag og søndag. På
laurdagen arrangerte
vi Fasteaksjonsløp for
andre gong. Konfir-
mantane hadde fått
beskjed om å skaffe
sponsorar – her var alt
frå foreldre og bestefor-
eldre til lokale bedrifter
blant sponsorane. Dei
sprang ei runde på
om lag 330m rundt
kyrkjegarden i Vik. Det
vart gjort ein heiderleg
innsats frå konfirman-
tane. Etter løpet hadde
vi pizzafest.

Om søndagen var det
samtalegudsteneste
om formiddagen med
påfølgande kyrkje-
kaffi. Ettermiddagen
brukte konfirmantane
og andre til å gå med
innsamlingsbøsser frå
dør til dør rundt om i
sokna våre.

Etter innsatsen både
laurdag og søndag vart
det samla inn 48.713
kr totalt i våre 5 sokn.
For 250 kr får ein
person varig tilgang på
reint vatn. Det gjer at
195 personar kan få
tilgang på reint vatn,
etter innsatsen her hjå
oss i Vik.

Karen H. Melhus

Konfirmasjonar våren 2023



Vik kyrkje 30. april

Bak f.v.: Gustav Tryti Brekke, Markus Nesheim, Eirik Engan, Loke Vikdal, Lasse Engan Pettersen. *Framme f.v.:* Maja Røyrvik, Sokneprest Karen H.B. Melhus, Lena Husabø.



Fresvik kyrkje 13. mai

Sokneprest Karen H.B. Melhus og Guro Bøthun



Feios kyrkje 13. mai

f.v. Torstein Feidje, sokneprest Karen H.B. Melhus, Silje Sætre Samland.



Vik kyrkje 20. mai

Bak f.v.: Odin Refsdal, Ola Laskerud, Mari Lundeland

Framme f.v.: Sven Ivar Skjerven, Emil Christensen, Sogneprest Karen H.B. Melhus, Mikkel Tryti Myrkaskog, Anders Hønsi.



Vangsnes kyrkje 20. mai

F.v. Gaute Halset, Sebastian Husebø Høyum, sogneprest Karen H.B. Melhus, Lasse Vangsnes, Håvard Espeland.



Kyrkjelydstur til Sylvarnes 8. september

Vi inviterer alle sokna til felles kyrkjelydstur med rutebåten M/S Tansøy frå Vik fredag 8. september. Båten dreg i frå Vik kl. 14.00, oppmøte seinast 10 min før avgang. Etter ruteplan er vi på Sylvarnes ca. kl. 15.15. Retur frå Sylvarnes 17.55 etter oppsett ruteplan, og då er vi tilbake i Vik ca. kl. 18.30.

På Sylvarnes vert det enkel mat-servering og andaktsstund med song.

Påmelding på kyrkja si heimeside www.vik.kyrkja.no eller til Ola



Engum (soknerådsleiar Arnafjord sokn) på tlf. 975 34 827.

Vi reservera plass på båten. Kvar enkelt dekker sin billett med båten. Påmelding innan tysdag 5. september.

HJARTELEG TAKK

til Kirsti for all god teneste for kyrkja og innbyggjarane i Vik! Me ynskjer ho lukka til med livet som pensjonist!



Kirsti Jelle Hopperstad

Lause takheller på Vik og Vangsnes kyrkjer: Avsperring av område

Ved synfaring på kyrkjetaka er det registrert at skiferhellene på sørsida av Vik og Vangsnes kyrkjer har dårleg feste og risikoen for at desse kan løsne og falle ned er til stades.

Gravplassane ligg tett på kyrkjene. Dermed er det også stor trafikk under desse taka.

Risikoen er stor for personskade, dersom ein vert råka av ei takhelle. Vik kyrkjeleg fellesråd ynskjer å vere føre var og har difor satt opp sperre på deler av Vik og Vangsnes kyrkjegardar.

På Vangsnes er der ingen graver innanfor det avsperra området. I Vik er det fleire graver innanfor dette området. Kontakt-personar for desse gravene vert varsla.

På Vangsnes er det kome opp nettingjerde som avsperring.



Dette vil også kome i Vik, førebels er det her sperreband.

Vik kyrkjeleg fellesråd vil arbeide for eit lang-siktig tiltak for sikre tak på kyrkjene våre!

Me oppmodar besø-kande om å respektera åtvaringa og avsperr-inga.

Marit J. Andersen
Kyrkjeverje

Hjarteleg takk for minnegåve til Arnafjord kyrkje ved Kristian Olai Otterskred si gravferd.

Arnafjord sokneråd



BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Teikning:
Monica Bauleo

Vitsar

Kvifor har
kua bjøller?
Horna funkjar
ikkje.

Ein dame stod
ved fotgjengar-
feltet og venta.
– No har det vore
grøn mann fem
gongar. Når blir det
grøn dame?


Finn fem feil!

Her hjelper den miskunnsame samaritanen
mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Monica Bauleo

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806 **E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

KONTORTID

mandag,
tysdag og
annakvar onsdag
kl. 10.00–15.00

Sokneprest i Vik, Vangsnes, Arnafjord, Feios og Fresvik

Karen Helene Bøhn Melhus

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

tlf. 468 89 980

Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

tlf. 977 38 134

Organist

Krista Revsbech

epost: kristarevsbech@gmail.com

tlf. 0045 25 30 48 78

Leiande kyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

Kyrkjelydspedagog – vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

tlf. 908 09 113

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad,

tlf. 905 33 581

Soknerådsleiar Arnafjord:

Ola Engum,

tlf. 975 34 827

Soknerådsleiar Vangsnes:

Erlend Hanekam,

tlf. 416 34 981

Soknerådsleiar Feios:

Monica Feidje Midlang,

tlf. 951 72 583

Soknerådsleiar Fresvik:

Marianne Bøthun,

tlf. 938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/ Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

Døyppte:

Arnafjord:

28.05.2023 Birte Stadheim

11.06.2023

Vetle Bø Holen

11.06.2023

Birk Walsvik Holen

11.06.2023

Markus Walsvik Holen

Fresvik:

18.06.2023 Emil Indrebø Øyri

Vangsnes:

18.06.2023 Oskar Solberg Voll

Vik:

29.01.2023 Marius Harbakk

29.01.2023 Fia Oline Chen Nummedal

09.04.2023 Oline Noss Vangsnes

23.04.2023 Hedvig Kvåle-Rynning

23.04.2023 Styrk Grov

11.06.2023 Vilja Dale Walsvik

Uigde:

Arnafjord:

01.07.2023

Lotta Leirhol og

Knut Olav Veimodet

Fresvik:

08.07.2023

Marie Stensholt og

Dag Einar Bøtun

Vik:

17.06.2023

Maria Bøthun og

Marius Ovridd Tistel

Gravlagde:

Arnafjord:

24.03.2023 Kristian Olai Otterskred

27.04.2023 Marie Johanne Nese

Feios:

05.05.2023 Anders Eikeland

Vangsnes:

12.05.2023 Signe Vangsnes

08.06.2023 Odd E Vangsnes

Vik:

30.03.2023

Olga Fretheim

14.04.2023

Anita Grønsberg Johnston

20.04.2023

Jon Berge Sunde

21.04.2023

Grethe Grønningen

28.04.2023

Per Hove

10.05.2023

Agnar Hønsi

11.05.2023

Ove Grønningen

16.05.2023

Carl Melchior Riiber

23.05.2023

Anna Holen

26.05.2023

Kjell Olav Viktun

15.06.2023

Erling Risløv

VELKOMMEN TIL KYRKJE

26. mars, Maria Bodskapsdag Luk 1, 26-38	kl. 11.00	Vik kyrkje Samtalegudsteneste v/ Karen Melhus Konfirmanntane i alle sokna tek del. Takkoffer
13. aug., 11.s. i treeining	kl. 11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
	kl. 16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Ole Agnar Helland
20. aug., 12.s. i treeining	kl. 19.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus
27. aug., 13.s. i treeining	kl. 12.00	Fresvik, Svea Gudsteneste v/ Karen Melhus
8. sept., fredag	kl. 13.30	Felles kyrkjelydstur til Sylvarnes, info i bladet.
10. sept., 15.s. i treeining	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus Presentasjon av konfirmentar
17. sept., 16.s. i treeining	kl. 11.00	Arnafjord kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus
	kl. 16.00	Vangsnes kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus
24. sept., 17.s. i treeining	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus Jubileum for konfirmerte
1. okt., 18.s. i treeining	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus
	kl. 16.00	Feios kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus
8. okt., 18.s. i treeining	kl. 11.00	Vik kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus
22. okt., 21.s i treeining	kl. 18.00	Vik kyrkje Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus
29. okt., 21.s i treeining	kl. 18.00	Fresvik kyrkje Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus
4. nov., laurdag, Helgemesse	kl. 16.00	Vik kyrkje Minnegudsteneste v/ Karen Melhus
5. nov., Helgemesse	kl. 11.00	Arnafjord kyrkje Minnegudsteneste v/ Karen Melhus
	kl. 16.00	Feios kyrkje Minnegudsteneste v/ Rasmus Rustad
12. nov., 24.s. i treeining	kl. 11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus
26. nov., Domssøndag/ Kristi Kongedag	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

3. des., 1.s. i advent	17.00	Feios kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus
	19.00	Fresvik kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus
10. des., 2.s. i advent	16.00	Vangsnes kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus
	19.00	Vik kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus
24. des., Julaftan	kl. 14.00	Fresvik kyrkje Julaftangudsteneste v/ Rasmus Rustad
	kl. 14.00	Vangsnes kyrkje Julaftangudsteneste v/ Karen Melhus
	kl. 16.00	Vik kyrkje Julaftangudsteneste v/ Karen Melhus
25. des., juledag	kl. 12.00	Arnafjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Rasmus Rustad
	kl. 12.00	Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus
	kl. 16.00	Feios kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus
31. des., Nyttårsaftan	kl. 16.00	Vik kyrkje Nyttårsmesse v/ Rasmus Rustad

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad, tlf. 905 33 581
Vangsnes:	Ring leiar Erlend Hanekam, tlf. 416 34 981
Feios:	Ring leiar Monica Feidje Midlang, tlf. 951 72 583
Fresvik:	Ring Marianne Bøthun, tlf. 938 46 851
Arnafjord:	Ring leiar Ola Engum, tlf. 975 34 827